

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2025

Torsdag 27.02.25 vart det halde møte kl. 10.00-14.30 i Sula rådhus.

Til stades:

Fjord kommune: varaordfører Jens Aklestad
Giske kommune: varaordfører Harry Valderhaug (*til kl. 13.00*)
Hareid kommune: ordfører Bernt Brandal (*til kl. 14.25*)
Haram kommune: varaordfører Siv Katrin Ulla Hagala
Herøy kommune: varaordfører Karl-Oskar Sævik (*til kl. 13.00*)
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Stranda kommune: ordfører Einar Arve Nordang (*til kl. 12.56*)
Sula kommune: ordfører Turid Humlen (leiar)
Sykkylven kommune: ordfører Olav Harald Ulstein (nestleiar)
Ulstein kommune: ordfører Stian Skorgen Scheide (*til kl. 13.30*)
Vanylven kommune: ordfører Paul Sindre Vedeld (*til kl. 13.00*)
Vestnes kommune: varaordfører Bjørn Inge Olsen
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal
Ørsta kommune: ordfører Per-Are Sørheim (*til kl. 14.25*)
Ålesund kommune: politikar Jessica Gärtner

Forfall:

Vestnes kommune: ordfører Randi Bergundhaugen
Ålesund kommune: politikar Anne Berit Støyva Emblem

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)
Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune) (*til kl. 12.35*)

Kommunedirektørar:

Bente Glomset Vikhagen, Sula kommune

Andre:

Ass. statsforvaltar Rigmor Brøste, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (sak 6/2025)
Reiselivssjef Tom Anker Skrede, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (sak 10/2025)
Styreleiar Per Erik Dalen, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (sak 10/2025)
Reiselivssjef Torunn Dyrkorn, Visit Nordvest (sak 10/2025)
Fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak, Møre og Romsdal fylkeskommune (sak 11/2025)

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Påtroppande dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen
Rådgivar Vegard Austnes

Sak 1/2025: Velkommen

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Leiaren av representantskapet ønskte velkomen til møtet.

Sak 2/2025: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 3/2025: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Saklista vert godkjend.

Per Are Sørheim informerte om to saker på møtet som ikkje stod på saklista:

1. Tine vil legge ned meieriet i Ørsta og i Tresfjorden. Sørheim bad Sunnmøre regionråd gi ein uttale i saka. Han vil invitere Tine til eit møte etter påske.
2. Gode Vegar AS inviterer til eit vegmøte i Ørsta 14. mars kl. 10.00. Det gjeld strekninga E39 Skei-Ålesund. Sørheim sa at det er viktig at regionrådet har ei rolle her.

Sak 4/2025: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Harry Valderhaug og Stian Skorgen Scheide vert valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 5/2025: Presentasjon for representantskapet av ny dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Steen tek til som dagleg leiar 1. mars 2025. Han presenterte seg for representantskapet og sa at han er glad for å bruke samfunnsengasjementet sitt for Sunnmøre.

Sak 6/2025: Samarbeid mellom kommunane på Sunnmøre

Innlegg ved leiar av representantskapet Turid Humlen og ass. statsforvaltar Rigmor Brøste, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Humlen heldt ei innleiing til saka. Ho tok utgangspunkt i Kommunebrevet 2025 frå Statsforvaltaren, som gir nasjonale forventningar til kommunane. Humlen stilte spørsmålet om Statsforvaltaren i lys oppdraget sitt kan gi kommunane handlingsrom til å arbeide smartare (på nye måtar).

Brøste tok utgangspunkt i generalistkommuneutvalet sitt budskap om at kommunesamanslåing og interkommunale samarbeid må til for å oppretthalde generalistkommunen.

Ho viste til NIVI Analyse si kommunevise kartlegging av interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal. Hovudkonklusjonen er at dagens interkommunale samarbeid ikkje er tilpassa utfordringane. Brøste sa at kommunane bør ta ein nabopratt om forsterka interkommunalt samarbeid.

I drøftinga i representantskapet vart det m.a. peika på at det å ta bruk ny teknologi og digitalisering kan gje nye moglegheiter for samarbeid, at kommunane organisatorisk må ha evne til omstillingstiltak, at omsyn både til økonomisk innsparing og robuste tenester/rekruttering av fagfolk må vektleggast, at interkommunalt samarbeid krev profesjonelle styre, at kommunane må tole å gje slepp på oppgåver og at tenestekjøp kan vere eit alternativ til interkommunale samarbeid.

Det kom forslag om å lage ei tiltaksliste for interkommunale samarbeid. Brøste peika på at det er naudsynt å løfte diskusjonen til eit politisk nivå.

Brøste orienterte om prosjektskjønn 2025. Målet er å møte omstillingsbehovet i kommunane med meir strukturerte samarbeid. Prioriterte område er barnevern, IKT, landbrukskontor, regionale plankontor, administrative støttefunksjonar og nettverk for klimatilpassing.

Brøste sin presentasjon følger vedlagd.

Sak 7/2025: Status for arbeidet med omdanning av Sunnmøre regionråd frå IKS til IPR

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd IKS skal gjerast om til interkommunalt politisk råd (IPR) med Ålesund kommune som kontorkommune.

Som kontorkommune og formell arbeidsgjevar for tilsette i Sunnmøre regionråd IPR overtek Ålesund kommune Sunnmøre regionråd IKS sine forpliktingar i KLP.

I samband med avviklinga av Sunnmøre regionråd IKS har KLP berekna ein eingongspremie til fordeling på deltakarkommunane ut frå valt fordelingsnøkkel.

Eingongspremien skal dekke framtidige G-reguleringar, mogleg uttak av pensjon etter 85-års regelen, AFP frå 65 år og andre moglege utslag av regelverket for offentlege tenestepensjonar under overføringsavtalen.

Styreleiar har orientert styret om saka. Realiteten er at det per i dag ikkje er andre plassar å hente midlane frå enn deltakarkommunane.

KLP har berekna eingongspremien til 3,2 mill. kr. Sunnmøre regionråd IKS har fått beskjed om at kr. 700 000 av innbetalt premie vert tilbakeført. Det skal vere Teams-møte med KLP om saka.

Dagleg leiar peika på at alternativa er å halde fram som IKS eller omdanne til IPR som eiga juridisk eining. Styreleiar sa at ein opprettheld dagens selskapsform inntil alt er avklart. Styret kjem tilbake til saka.

Jf. samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR punkt 7 skal styret inngå avtale med Ålesund kommune om administrativ støtte og tilsettingsforhold der Ålesund kommune er formell arbeidsgivar i eigen driftsavtale.

Styreleiar og dagleg leiar i Sunnmøre regionråd har hatt møte med den administrative leiinga i Ålesund kommune, og vil kome tilbake til styret med eit forslag til driftsavtale.

Sak 8/2025: Innspel frå representantskapet til strategi for Sunnmøre regionråd IPR

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og påtroppande dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Steen innleia om strategi for Sunnmøre regionråd. Han skal drive regionrådet vidare. Steen peika på at gjennomslag i saker og synlegheit er mål framover. Han sa at grunnlaget er godt og at potensialet er stort. Steen vil ta ein besøksrunde til kvar av deltakarkommunane.

Representantskapet hadde gruppearbeid om kva typer saker regionrådet skal prioritere å arbeide med. Blant det som vart nemnt var:

- Samordne prosjekt innan samferdsel
- Regionrådet bør vere ein arena for dialog, samarbeid og erfaringsdeling
- Helse og sjukehus
- Vi treng tyngda som regionrådet utgjer i høve til lobbyverksemd
- Arbeide fram gode kommunikasjonsstrategiar
- Rekuttering av arbeidskraft
- Regionrådet bør tenke større om interkommunale samarbeid, t.d. løn og plankontor
- Beredskap
- Ta leiartrøya når det gjeld innovasjon i offentleg forvaltning
- Sunnmøre regionråd må arbeide med det som kan styrke oss på sikt

Sak 9/2025 : Møtedatoar i 2025

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Neste representantskapsmøte vert 27. mai kl. 10.00-14.00. Vidare møtedatoar vert 24. oktober og 12. desember.

Kommunedirektørane vert oppmoda om å delta på møta i representantskapet.

Sak 10/2025: Orientering frå Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

Ved reiselivssjef Tom Anker Skrede

Styreleiar Per Erik Dalen i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre og reiselivssjef Torunn Dyrkorn i Visit Nordvest var også til stades.

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre og Visit Nordvest har fått blitt utfordra av styra sine om å samarbeide så mykje dei kan utan å slå seg saman. Dei er i prosess med å avklare moglegheitene for eit felles selskap i framtida.

Skrede sin presentasjon følger vedlagd.

Sak 11/2025: Orientering om «Oppstartmelding. Ny skole- og tilbodsstruktur for vgo 2026-2040»

Ved fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak, Møre og Romsdal fylkeskommune

Hovdenak orienterte om bakgrunnen for saka, korleis fylkeskommunen jobbar med den, og korleis dei ønsker at innbyggjarar, kommunar og andre involverer seg i prosessen.

Fylkestinget vedtok i desember 2024 at arbeidet med å utgreie ein ny skole- og tilbodsstruktur kan starte. Administrasjonen i fylkeskommunen er komme eit godt stykke på veg med jobben. I juni skal saka ut på offentleg høyring, på seinhausten blir det politisk behandling i råd og utval, før saka blir vedtatt på fylkestinget 9.-10. desember.

Bakgrunnen for saka er at det om 15 år er 1700 færre elevar enn i dag i dei vidaregåande skulane i fylket. Fylkeskommunen må difor sjå på skuletilbodet og antal skular. Skuletilbodet må dekke arbeidslivet og næringslivet sine behov for arbeidskraft.

I representantskapet vart det m.a. kommentert at næringslivet må koplast på for å behalde ungdomane i distriktet.

Hovdenak sin presentasjon følger vedlagd.

Sula, 27. februar 2025



Turid Humlen



Harry Valderhaug



Stian Skorgen Scheide